

Bokn Bygdablad

Nr. 10 desember 2012 – Årg. 27



Lanternetog – siste side



Tilbyr 10 Mbit – s. 3



Julekonsert – s. 8



Luciafest – s. 11



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Budsjett 2013

Kommunestyret handsama i møte den 18. desember drift- og investeringsbudsjett for 2013 og økonomiplan for 2014-2016. Som me har vore inne på tidlegare, går me trongare tider i møte, og det vedtekte budsjettet er stramt. Dette skuldast i hovudsak ein reduksjon i det statlege rammetilskottet. Rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan for perioden 2013-2016 viser at nettodriftsresultat bare ligg mellom 0,5 - 1 %, mens det etter ei sunn økonomistyring burde ha lege på om lag 3%. Kommunestyret vedtok difor at rådmannen skal førebu eit forslag til revidert og konsekvensjustert budsjett som visar kostnader med vedtekte og planlagde investeringar som forbetrar netto driftsresultat oppunder 3%. Dermed er det seksjonane sjølve som må ta ein gjennomgang på område som smertar minst å strame inn på. I tillegg blei det vedtatt at me burde forsøka å reforhandla samarbeidsavtalar me har inngått og avtalar med andre kommunar/institusjonar om kjøp av tenester og/eller vurderer dei på nytt i løpet av 2013. Rådmannen blei også beden om å vurderer og gjennomføra organisasjonsmessige endringar som kan vera med på å gje ei meir kostnadseffektiv drift.

Til tross for dette, fann likevel kommunestyret rom for fleire nye driftstiltak og nokre få større investeringar. På grunn av høgt utlån og aktivitet ved Bokn bibliotek, var det på tide å auke stillingsramma med 10%. Vidare auka ein tilskottet til vedlikehald av gravlundene ved kyrkja til 50.000 kroner. Det blei løyvd midlar til utelys ved skuleplassen og til innkjøp av uteleiker til uteområdet ved skulen og barnehagen. For den siste blei det også sett av midlar til at tilsette kan ta førarkort for minibuss, slik at barnehagen i større grad kan bruke den kommunale minibussen til utflukter og liknande. Det blei også satt av midlar til ein ny ergoterapeutstilling.

Når det gjeld investeringar til neste år, blei det satt av midlar til nytt reinseanlegg i Føresvik og kloakktiltak i Alvestadkroken, mens det blei satt av 800.000 kroner til nytt overrislingsanlegg til sjukeheimen og omsorgsbustadene. Totalt blir det investert for ein million kroner komande år. Det kan også nemnast at innkrevjinga av kommunale avgifter nå skal skje kvartalsvis gjennom fire årlege fakturaer.

Formannskapslovene 175 år

I år er det 175 år sidan formannskapslovene og lokalt sjølvstyre blei innført i Noreg. Med det var grunnlaget lagt for den moderne norske kommuneforvaltninga og lokaldemokratiet. Den 28. mars 1837 blei det fyrste formannskapet vald i Stavanger. Det etterfylgjande året kom byar og bygder med over heile landet. Bokn kommune blei eigen kommune 18. mars 1850. Før det var Bokn ein såkalla soknekommune innan Skudenes Formannskapsdistrikt som også femnde om Ferkingstad og Åkra soknekommunar, eit område som var identisk med Falnes prestegjeld.

Ein liten periode før Bokn blei eigen kommune hadde statlege mynde forsøkt å leggja til rette for at Bokn og gamle Tysvær skulle ha felles formannskapsmøter. Dette gjekk heller dårleg; Ingen tysværbuar møtte då Bokn var vertskap for det fyrste formannskapsmøtet i denne alliansen, og på det neste møtet i Tysvær møtte det ingen boknarar. Det var då myndighetene ga opp og delte dei to kommunane.

Formannskapslovene vil alltid vera eit viktig skiljemerke i norsk politisk historie. I dag er kommunane og fylkeskommunane berebjelken i velferdsstaten. Kommunane er ein viktig del av det nasjonale styringsverket og utgjer den desentraliserte velferdsstaten. Kommunane leverar i dag tenester som innbyggjarane i det store og heile er godt nøgde med. Lokaldemokratiet har stor legitimitet. Eg har inntrykk av at dei folkevalde finn arbeidet i kommunestyret og andre politiske organ som meningsfullt og gjevande. Formannskap og kommunestyre er ikkje bare ei utviding av demokratiet, men dei fungerer også som ein slags "demokratiske" som gjer det lettare for "vanlege" folk å ta spranget vidare over i rikspolitikken.

Kommunesektoren sysselset om lag ein halv million menneske i dag – ein femtedel av alle som arbeidar i Noreg. Dei gjer ein svært god jobb for å yte tenester og for å skapa gode lokalsamfunn. Men eg trur at kommunane og fylkeskommunane må sitja i førarsetet viss me i framtida skal vera i stand til å møte velferdutfordringane. På mange område må ein tenka nytt og finna fram til andre løysingar enn i dag. Ein må med andre ord virke for



ein kultur som er prega av innovasjon, nytenking og idéutvikling. Det blir krevjande, men heilt naudsynt å få til.

Boknakalender 2013

Som tidlegare finn de også i år vedlagt kalender i utsendinga av dette bladet. Boknakalenderen har etter kvart funne sin naturlege plass i boknaheimane og er både meint å vera eit lite utstillingsvindaug i forhold til det bokn naturen har å by på, og kanskje ein inspirasjonskilde til å ta i bruk nærmiljøet vårt. Også i år har me lagt oss i selen for å få ein god variasjon når det gjeld motiv, stader og fotografar. Biletta har fått fylgje av ein kort lokalhistorisk tekst om dei aktuelle stadene, og



er ført i pennen av Birger Lindanger. Eg håpar Boknakalenderen 2013 fell i smak.

Eg vil ynskja alle leserane av Bokn Bygdablad ei fredeleg julehelg og eit godt nytt år.

Ordføreren

Skal tilby kundar 10 Mbit

Jardar Havikbotn

Haugaland Turbonett (HT), som har levert trådløst breiband til boknarar sidan hausten 2009, held i desse dagar på å linka den nye antenna på Alvestad til ei tilsvarende antenne på toppen av Førre Terrasse. Det er venta at det nye tilbodet vil skaffa HT mange nye kundar.

- Det er mange som sit og ventar at HT skal opna for 10 Mbit, seier medeigar i HT og dagleg leiar av Våge PC Service, Vegar Våge til Bokn Bygda-blad.

HT har fibertilkobling på Førre og vil, med full kapasitet med den nye antenna, flytta sendaren på Døle til Førre Terrasse. Då går signala direkte og ein unngår eit ledd på veggen. Det har også vist seg at Haugaland Kraft har hatt problem med straumbrot i Døleområdet.

- Ved å senda frå Førre Terrasse til Alvestad, er kundane på Bokn sikra stabilt nett, fortel dagleg leiar i HT, Nils Kåre Jørmeland, som fleire gonger har koryrt bort til Døle med aggregat.

Utvikling i turbotempo

Den nye linken vil ha så stor kapasitet at HT kan levera 10 Mbit til kundane på Bokn, kanskje allerede før året er slutt, det kjem litt an på vinter og kulde, får eg opplyst.

I framtida vil HT levera endå høgare hastigheiter, og folk kan bruka dei antennene dei har på husene i dag.

- Det vil seia at dei aller første antennene som blei oppsette, må nok då skiftast, men utan kostnad for kundane, slår Nils Kåre fast.

Den nye linken til Førre vil medføra oppgraderingar av dei sendarane i Bokn som endå ikkje er klargjorte for å ta i mot dei nye raske signala.

Trådløst nettverk i Bokn

HT har i over tre år satsa stort i Bokn, og har i dag nærmare 70 kundar herfrå. Hovudsendaren står på eigedommen til Knut Helge Furseth på Alvestad. Andre sendarar finn ein på Ognøy, i Kro, Aksdal, Våga, Arsvågen og hjå John Magne Lie på Trosnavåg, han får link frå ein sendar på Blikshavn og sender så tilbake til deler av aust Karmøy. Det er også planar om å setta opp ein sendar på Grønnestad.

- Me set opp fleire sendarar på Bokn viss det blir behov for dette, og at det er økonomisk dekning for det, fortel Nils Kåre, og nemner interesse frå Hognaland-Jøsang, som dei ikkje er dekkja i dag.



5. DES. - LIKE FØR MONTERING PÅ MASTA I BAKGRUNNEN (MARKERT MED GULT): Fv. Vegar Våge, Roger Selse, Nils Kåre Jørmeland med Jan Gaard bak. Sistnemnde og Roger Selse er tekniskarar knytta til Haugaland Turbonett.

Trådløst fiber

Det siste nye nå er "Fiber By Air" (radiosignal). Det er linkar som har kapasitet på heile 1.550 Mbit. HT vil kunna levera dette på sikt. Eg lurar på om me ikkje snart blir strålt i hjel.

- Nei, dette er ikkje farleg. Til det er det for låge effektar (Milliwatt), smiler den daglege leiaren.

Til samanlikning strålar ein mobiltelefon fleire hundre gonger meir, antennene på Boknafjellet fleire tusen gonger meir. Og ikkje minst ein mikrobølgeomn; Ikkje berre strålar han fleire tusen gonger meir enn det trådlause nettet. Han slår også ut det trådlause nettet ved bruk, då han brukar det same frekvensområdet som ein trådløus router, 2,4Ghz-bandet. Verdt å tenka på...

Kanskje trådløst fiber blir mottrekket til HT dersom det blir utbygd fiber i kabel i kommunen?

- Me skal i alle fall sikra kundane våre kvalitet, låge prisar og god service,

seier Nils Kåre, og skyt inn at dei låge prisane deira vil seia 300 kr. i mnd. for 5 Mbit og 400 kr. i mnd. for 10 Mbit. HT har også lokale servicefolk, som kjem heim til deg samme dag eller dagen etter, viss du har eit problem.

Kva bør ein ha?

Dei som har 5 Mbit, kan senda data med 1 Mbit, medan dei som skaffar seg 10 Mbit ned, vil få 2 Mbit opp. Interesserte bedrifter kan sjå fram mot tilbod om 20 Mbit ned og 3 Mbit opp.

- Til ein vanleg familie med 3,4 personar held det i massevis med 5/1. Til veldig store familiar anbefaler eg 10/2. Ein vil sjølv sagt merka forskjell på nedlastingshastigheita ved å fordobla Mbit'en, spesielt på nettsider som har serverar med store opningar, avsluttar **Nils Kåre Jørmeland, som kan kontaktast av interesserte på tlf. 40 82 88 04 - nils.kaare@turbomail.no**

Minikonferansen 2012

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Jardar Havikbotn

Laurdag 17. november samla vi tett på 40 born og nokre vaksne hjelparar til den fyrste minikonferansen vår her på Bokn. Deltakarane var inviterte til å møta til næringsrik frukost; her var temaet nøkkelhullsmerking og betydninga av denne. Nokre av borna var allereie kjende med nøkkelhullsmerkinga medan andre høyrde om det for fyrste gong. Produkta som var handla inn hadde alle denne typen merking ([sjå faktaboks](#)).

Ein god frukost er alltid ein god start på dagen og frukosten er eit måltid ein slett ikkje bør sluntre unna. Med rett mat i magen får vi energi og påfyll nok til å klare å ta inn både ny kunnskap anten det er på skulebenken eller det er... på ein minikonferanse.

Etter at maten var rydda vekk fann penn og papir vegen til dei åtte borda som var oppsette rundt i gymsalen på skulen. Borna vart inviterte til å anten teikna eller å skriva noko om kva ynskje dei hadde for at det skal vere kjekt å bu på Bokn. I tillegg vart dei spurde om kva den enkelte kunne gjera for å vera med å bidra til at det skal vera kjekt for både ein sjølv, men og for alle rundt seg. Dette spørsmålet tok vi opp i «samling» heilt til slutt. Borna var svært engasjerte og etter at ein no har fått ro på seg til å gå gjennom det som vart levert inn kan ein finna fylgjande:

Borna mellom 1. – 6. klasse på Bokn skule har store ynskje om at

- det skal byggjast ein idrettshall med ein symjehall på Bokn
- det skulle vore ein skatepark tilgjengeleg; dette i tillegg til fleire uteleiker generelt i heile Bokn
- det skal arrangerast diskotek for alle under 13 år
- bilistane på Bokn skal halda fartsgrensene
- det skal byggjast meir sykkel og gang – sti for tryggare skulevei
- det kollektive transporttilbodet skal utvidast
- det skal setjast opp fleire gate-lys og lys generelt rundt om
- Bokn skule skal vera ein mob-befri – skule
- dei skal få fleire lærarar og hjelpe-lærarar på skulen
- det skal byggjast eit SPA i

kommunen

- det skal arrangerast fleire basarar
- det skal opne ein klesbutikk i kommunen
- dei skal få vitjing av ein klovn innimellom

- Det skal i løpet av 2013 arrangerast diskotek for alle under 13 år; ein gong allereie no til våren og ein gong hausten 2013. Barne og ungdomsarbeidar Cecilie Odland vil vera ansvarleg for dette tiltaket.
- Klovn «Ganske Grei» er



- Så...korleis kan den enkelte av oss eigentleg bidra til at alle skal ha det kjekt?

Ulikt omfang og ulik art

Borna fekk gjeve, som de ser, uttrykk for mange ynskje av ulikt omfang og av ulik art. Dei store ynskjene om idrettshall, svømmehall samt det å få fleire lærarar inn i skulen er prosessar som er tidkrevjande, ressurskrevjande og som krev politiske vedtak og ei nøyaktig sakshandsaming. Når det kjem til tiltak av noko mindre karakter har vi allereie beslutta at fylgjande vert iverksett på kort sikt:

allereie invitert på besøk; tidspunkt og anledning vil vera ei overrasking for alle og ein kvar; klovnar styrer seg som dei veit etter humør og dagsform, men hald utkikk: Klovn kan dukke opp når du minst anar det!

- Auka fokus på haldningsskapan-de tiltak når det gjeld trafikk-tryggleik og forebygging av trafikkulukker.
- aktivitetsdagar på Artep i

Nøkkelhullsmerket

Nøkkelhullet gjør det enkelt å velge sunnere. Nøkkelhullsmerkede varer inneholder mindre fett, salt, sukker og mer fiber sammenlignet med matvarer innenfor samme gruppe. Nøkkelhullsmerket finner du på ferdigpakkede matvarer, fersk fisk og skalldyr i tillegg til frukt, grønnsaker og poteter.

Nøkkelhullet er en frivillig merkeordning for sunnere matvarer som myndighetene i Norden står bak. I Norge er det Helsedirektoratet og Mattilsynet som har ansvaret for

ordningen.

Bruk av Nøkkelhullsmerket utløser krav om at ferdigpakkede varer må merkes med en næringsdeklarasjon. Slik kan forbrukerne enkelt sjekke innholdet av næringsstoffer i produktet. Frukt, bær, grønnsaker, fisk og sjømat er unntatt fra dette kravet.

Nøkkelhullsmerket var opprinnelig en svensk merkeordning, og har eksistert siden 1989.



På lenger sikt vil ein mellom anna

- intensivere fokuset på trafikktryggleiken; dette i samarbeid med Trygg trafikk samt borna sjølve
- samarbeide med aktuelle, relevante aktørar om å vidareutvikle uteaktivitetstilboda til borna på Bokn; dette både når det gjeld leikeapparat, men og når det gjeld moglegheiter i naturen sjølv

Vi avslutta minikonferansen med utdeling av diplom til alle samt ein ørliten overraskelse. Den som hadde fått festa ein lapp med logoen til Kjekt på Bokn under stolen sin ville få eit velsmakande sjokoladehjarte. Iveren var stor då borna skulle sjekke kva som skjulte seg under stolen..... Og jau; dei fann ein lapp under stolen sin alle som ein:) Sjokoladehjartene fekk føter å gå på før alle vart ynskte vel heim.

Engasjement

Med så mange engasjerte born lovar det godt for framtida; lat oss berre

aldri slumpe til å kvile på verken bra-kje eller laurbær: For å halde motivasjonen deira oppe samt for å sikre engasjement i åra som kjem lyt vi alle ta dei nødvendige tak som handlar om å vera gode rollemodellar. Rollemodellar for samfunnsansvar og medborgarskap.

Ungdomskonferansen og resultat frå denne vert omtala i den fyrste utgåva av Bygdabladet 2013; gled dykk!



I haust har mange av ungene på Bokn fått vore med på ulike arrangement i regi av Kyrkjjenær, trusopplæringa i kyrkja.

Hausten byrja med ein Aktivitetsdag i Aksdal kyrkje der tema var misjon. Dagen var innholdsrik. Ungane frå Bokn var i lag med mange andre 4. klassingane frå Tysvær. Dei fekk lære om kva misjon er, vere med på bønnevandring, bade i Tysværtunet, leike i idrettshallen og mykje meir.

I september blei 2. klassingane inviterte til ei samling på Boknatun. Tema var Gud som skapar. Me song,



malte fine bilete, smakte på både søtt og surt og koste oss med pølser i brød. Søndagen var det tid for å takke for alt det gode og fine me har fått. Då var det gudsteneste med Hausttakkefest i kyrkja.

Oktober kom med vind og regn. På bedehuset på Bokn pynta me til Alternativ halloween. Alternativ halloween

Kyrkjjenær hausten 2012

Greta Skorpe Elverhaug



handlar mellom anna om å leve rett, fylle livet med det som er godt og lyse for andre. Me laga masker, hola ut gresskar og hadde ein fin kveld med god mat og godteri. 7. klassingane trong lyktene sine for å finne fram til postane på refleksløpet.

Ein laurdag i november var det 4-åringane sin tur til å kome til kyrkja.



Dei fekk vere med på "Undretur" i kyrkjerommet, lage bokmerke, høyre om då Jesus velsigna borna og koste seg med herlege, nysteikte boller. På gudstenesten dagen etter fekk dei sin eigen Bibel.

Fyrste helga i advent var Bokn pynta i



eit kvitt melisdrøss til Lys vaken. Fredag ettermiddag kom 6. klassingane med kvar sin sovepose under armen for å overnatte i kyrkja.

Men før dei skulle sove, var det mangt som skulle gjerast før kvelden og natta var omme. Perlevandring i kyrkjerommet, festkveld med taco på Petrahuset, juleverkstad, leikar og ein roleg og fin kveldsavslutning i kyrkjerommet. Morgonen etter var det kome meir snø i løpet av natta, men fleire foreldre, ei bestemor og søsken kom til samling laurdag morgon. Dei fekk kanskje litt trøytte ungar heim, men det er akkurat slik det skal vere etter ei natt på flatseng i kyrkja....



Eg vil takke alle frivillige som har vore med og hjelpt til slik at me har fått til desse arrangementa i haust!

Etter jul blir det KodeB for 5. klassingane. Dei får eigen invitasjon i posten til samlingar og leir i januar, februar og mars.

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Di måsahumle

Dei fleste har sett ei måsahumle som flyg opp or mosen når ein kjem for nær bolet eller ho svirrar kring og samlar pollen. På Bokn er dette også brukt i overført tyding om ein som er snarsint eller tenner lett: *"Han fór opp som ei måsahumle"*. Elles var også *ein ogje* ei utfordring for somme. Likevel var resultatet særst godt denne gongen, både Andor og Dagsenteret fekk full pott. Ei ekstra stjerne likevel til Dagsenteret som også visste at ei måsahumle var snarsint.

Forklaringane:

- | | |
|----------------------|---|
| 1. å kreglas | å føla at noko er ekkelt |
| 2. bombom | snop, drops |
| 3. å få skjelten | å få frysningar |
| 4. ei dronsa | ei stor og kraftig dame |
| 5. å hamsa noko | å ordna noko, gjera finare |
| 6. å knelugga | å liggja på kne og luka |
| 7. å leggja ein ogje | å leggja eit tverrtre, spikerslag |
| 8. ei måsahumla | vanleg humle, overført: ein som er snarsint |
| 9. å dalga | å slå |
| 10. å rå or | å koma til seg sjølv, vakna |

Resultatlista denne gongen:

Dagsenterdamene	10 poeng
Andor Borgenvik	10 poeng
Audhild Svensen Alvestad	8 poeng

Som den førre runden, var altså også denne ganske krevjande.

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. ei rå
2. å drypta
3. å sjefta (ikkje å setja skaft på)
4. eit rø ("å ta av røet")
5. å taura
6. ein stør
7. biråden
8. balstyren
9. ein rennebue
10. ei selta

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 11. januar**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

Helge Laupland er framleis med oss med gode innspel. Samstundes er me sikre på at ein heilt sikre på at mange sit og brenn inne med framifrå boknauttrykk som framleis ikkje har sett dagens lys. Det er eit viktig ansvar og ein skatt for framtida at komande generasjonar får tilgang til mangfaldet i boknamålet.

Gratulerer!



Sander Alvesrad - 12 år, 15. Des.

Gratulere med dagen. Kjempeglad i deg!

Klem fra mamma.



Anna Faye Solgård - 3 år, 15. Des.

Vi gratulerer deg med dagen din og gler oss til bursdagsfest!

Kjempeklem til godjenta frå morfar og mormor.



Ballstyren, tyder det *den som styrer Ballet?*

Her frå eit festleg samkome i nora stovå i Oksebåsen der ein deltakar frå Hodl - karen med bart og uniform i for-grunnen - er ballstyren.

Selvransakelse etter at Bokn ble landfast

Jeg måtte lese flere ganger da jeg leste uttalelsen til rådmannen og ordføreren i Bokn i Haugesunds Avis den 6/12 - 2012, hvor det stod at vi som styrte før og under at Bokn ble landfast, gjorde «en tannløs og amatør-messig jobb». At ordføreren som var så ung i den tiden, ikke vet bedre, kan jeg forstå, men rådmannen må snakke mot bedre viten. Undertegnede jobbet mye sammen med rådmannen, og det var, etter min mening, et meget godt samarbeid. Derfor ble overraskelsen desto større da jeg leste dette.

Kyrre og jeg var begge imot at Bokn kommune ble slått sammen med Tysvær kommune. Begge mente, og gav uttrykk for, at det var godt grunnlag for at Bokn kommune kunne drives videre som egen kommune. Så må jeg spørre: Er det nå, etter han ble ordfører, han har oppdagat at vi som styrte da Bokn ble landfast handlet amatør-messig og tannløst, og nærmest har ødelagt grunnlaget for videre drift som egen kommune? Eller er ordføreren blitt påvirket av mennesker som ikke kjenner historien? Da vil jeg i tilfelle anbefale ham å snakke med en historieforfatter. Jeg kjenner en god.

Så til det som den amatør-messige gjengen utførte:

Vi satt på høgloftet i «Gamle Banken». Her var trangt, og vi hadde dårlig arm-slag, på alle måter,- også økonomisk, men vi fikk i allefall samlet tankene våre på en konstruktiv måte.

Her la vi planer og gjorde vedtak, vi fikk utarbeidet reguleringsplan for gassbasert anlegg m.m. på Ognøy. Tysvær gjorde det samme på Kårstø, men for ikke å kjempe mot hverandre, ble vi enige om samarbeid, og vi fikk da samarbeidsavtalen, som sa at dersom Kårstø ble valgt som ilandførings-sted, skulle Bokn ha en bestemt % andel, og omvendt, dersom Ognøy ble valgt. Dette var en god avtale, som gjelder også i dag. Vi fikk gode arbeidsplasser i vårt nærrområde, uten at det kostet kommunen noe, snarere tvert imot. Det var ikke tannløst.

Her på loftet ble også vedtaket om å bygge ny skole vedtatt, kanskje dagens kommunestyre skulle prøve et møte her.

Når det gjelder vårt arbeid for å få fastlandsforbindelsen til Bokn, hadde vi Karmøy som konkurrerte om forbindelsen sørover, - de ville den skulle gå over Skudenes.

Leif Vatnaland var med i fylkestinget og gjorde en god jobb der. Undertegnede var Bokn sitt medlem i B.U.K.-utvalget, der var Lars Våge formann, han var også fylkesordfører. Dette gjorde at vi var nærme der vedtakene ble fattet, det kan noen ganger være avgjørende.

Når det gjelder fastlandsforbindelsen og forbindelsen sørover, hadde vi god drahjelp, ikke minst fra Tysvær, Vindafjord, og så kom Haugesund på banen, det var tungvekter som gjorde utslag. B.U.K.-utvalget var opprettet for å arbeide for næringsvirksomhet i de tre næringsssvake kommunene i Rogaland, nemlig Bokn, Utsira og Kvitsøy. Her ble planarbeidet med de såkalte kombi-byggene satt i gang. Det var bygg som skulle inneholde sykehjem, administrasjonsbygg, bank, post, trygdekantor m.m. Før vi fikk disse byggene, ble de syke og gamle sendt til Kopervik. Nå slapp de gamle å bli sendt vekk når de ikke lenger klarte seg selv, dette var et stort fremskritt. Jeg kan fortelle om da rådmannen og jeg var på møte på Sola flyplass kl. 07.00 en mandags morgen, for å åpne finansieringen til Kombi-bygget. Der møtte kommunalminister Arne Rettedal, statssekretær Kjell Ursin-Smith og fylkesordfører Lars Våge. Vi klarte å få penger, både fra stat og fylke i det møtet. Vi kan si at vi reiste hjem med finansieringen i orden. Ikke så tannløst dette heller.

Så var det havneutbygginga. Fiskefartøyene ble større, det trengtes større og dyper havner. Nils Torsvik var en dyktig fiskeriretleder, som vi hadde sammen med Haugesund, Tysvær og Utsira. Jeg tok ham med i møte i B.U.K.-utvalget, der han sammen med Sørensen, som var sekretær på fiskerisjefens kontor i Rogaland, fikk i oppdrag å utarbeide en handlingsplan for fiskeriene i de tre kommunene. Til dette arbeidet ble det bevilget kr. 100 000,- av Rogaland fylkeskommune. Denne planen ble lagt ved da vi søkte om havnen i Knarholmen. Vi hørte senere at den var avgjørende

da Fiskeridepartementet innvilget vår søknad.

Havnen ble bygget i 1986, og da havnen var ferdig gikk vi i gang med å bygge lakseslakteri. Dette var et A/S som ble opprettet av oppdrettere på Bokn og på Haugalandet, bygd på kommunal grunn. Det ble viktige arbeidsplasser, ikke minst for damene både fra Bokn og Tysvær. Her var totalt ca. 25 arbeidsplasser. Det var nå flere fiskeoppdrett i Bokn. Bokn var blitt en betydelig oppdrettskommune med 4-5 matfiskoppdrett og 2 settefiskanlegg. Dette ga også 20-30 arbeidsplasser, som fortsatt er i kommunen. Ikke så tannløst.

I tillegg til dette gikk det godt med Bokn Plast. Her var det mange arbeidsplasser. Det gikk også godt med fiskeriene i kommunen. Fiskeflåten økte, og som sagt, båtene ble større og mer moderne. Det var gode arbeidsplasser, 6-8 på hver båt. Nå er dessverre fiskeflåten en sagablott i Bokn, det er kun én båt igjen av de større båtene, men så har vel fiskeri aldri vært prioritert i kommunen.

Det var og firma som drev med sjøtransport da anleggene på Kårstø ble bygget opp, også senere da fastlandsforbindelsen til Bokn ble etablert. Det som her er anført er noe av det vi arbeidet med. I tillegg skulle vi drifte kommunen og fikk for eksempel oljegrus på veiene våre og planlagt og bygget ut flere byggefelt. Vi var ikke tomme for byggefelt.

Dette med byggefelt er meget viktig for kommunen. Det er noe man må arbeide med hele tiden,- det bør være minst tre byggeklare byggefelt i kommunen til en hver tid, i tillegg til noen til spredt bosetting, slik at folk kan velge hvor de vil bo.

Så min anbefaling er: Sett i gang, gjør som Rolf Svendsen på Feøy, bygg hus, så kommer menneskene. Men i alle fall, sett i gang med å klargjøre byggefelt, lær av forgjengerne, ikke bli tannløse.

Lykke til.

Arne Øvrebø

Fra barnemunn:

Når det er jul feirer vi med surkål at Jesus ble født mellom en krybbe og et esel. (Jente, 8 år)

I gamle dager surret de sammen Jesusbarnet med en slags bandasje og masse strikk. Så svøpte de ham rundt. De var så kristne at de smilte hele tiden. (Jente, 7 år)

Og de måtte bare spise korn, for de hadde ikke noe annet. Dessuten hadde ikke dyr det bedre enn mennesker på den tiden. (Gutt, 7 år.)

Kilde: Internett

Flott julekonsert

Jardar Havikbotn

Ruben Espelid, dei fire musikarane hans og Boknakoret heldt ein stemningsfull og fin julekonsert i kyrkja 1. desember.

Julestemninga kom tidleg til Bokn i år. Ikkje berre inne i kyrkja for dei som fekk oppleve julekonserten. Det verka som om nokon hadde skrudd på ein brytar den første dagen i den første vintermånaden. Snø, kulde og høgtrykk laga ei nydeleg ramme rundt det heile.

Årets julekonsert fekk konkurranse frå andre arrangement same dag. Enkelte trudde kanskje også at det ikkje gjekk an å komma i julestemning så tidleg, og andre var kanskje usikre på namnet til hovudpersonen, og kva han står for. Det var i alle fall plass til mange fleire enn dei 60 som var der.

Men Ruben Espelid sjølv var fornøgd, og gav også uttrykk for det i ein av dei korte verbale stundene mellom enkelte av songane. Songaren er berre 24 år, men allerede ein erfaren musikar som har vore med på mykje. Det skal mot og god sjølvtilitt til for å turnera rundt med ein slik konserttype, når det kryr av meir etablerte artistar som gjer det same i førjulstida.

Julehåp inn i juletida

Saman med kapellmeister Kristoffer Tangen har han laga ein julekonsert med eit tema om håp, basert på dei tradisjonelle julesongane. Dei vil at konserten skal vera til glede, trøyst og underhaldning for publikum, og som kan gi ein fin inngang til juletida. Tidspunktet for miniturneen (Avaldsnes dagen før, og Bergen dagen etter) var såleis ikkje tilfeldig. I tillegg til dei gode, gamle julesongane fekk me også høyra andre songar som kan knyttast opp mot konserttemaet.

Bokn var heldig som fekk dette besøket, og nok ein gong kan me takka rektor i Bokn kulturskule, Anne Tove Øvrebø, og dei kontaktane ho knytta i "Det store korslaget" og "Team Hanne", for at boknarane fekk oppleve dette i Bokn.

Boknakoret

Koret hennar medverka på konserten, og hadde også ei eiga avdeling. Då song dei "En Stjerne Skinner I Natt" - med Maria Nilssen som solist og "Det Lyser I Stille Grender". Sjølv om dei var få, bar innslaget preg av at folk var trygge på stemmene sine - og det låt flott. Og flott var det også at musikarane til Ruben Espelid, Kristoffer Tangen (tangentar) og Håkon Sagen (gitarar) akkompagnerte koret.

Ruben Espelid var i løpet av dei 75



Fv. Kapellmeister Kristoffer Tangen, Ruben Espelid, Silvia K. B. Tangen, Henriette Braarvig og Håkon Sagen på gitar (delvis skjult) gav oss ei flott oppleving.



"En Stjerne Skinner I Natt" syng bak fv. Silje Aksdal, Mona Våga, Janne E. Ytreland, Bianca Alvestad og Wenche L. Havikbotn. Framme fv. Irene Kro, Malin Taraldlien, solist Maria Nilssen, Lisbeth Skjelde og Berit Merete Øvrebø.

minuttane konserten varte, stadig inne på temaet for kvelden.
- Det handlar om å reisa kvarandre

opp, sa han, etter at Rolv Løvlands "Reis Meg Opp" ("You Raise Me Up") var blitt framført saman med Bokna-

koret.
Og for mange er Espelid mest kjent som "Reis Meg Opp"-solisten i "Team Hanne" frå våren 2009. Stilig at han vel tre og eit halvt år seinare var solist i samme låt med eit lokalt kor i ryggen!

Juleevangeliet

Litt spesielt å høyra det 1. desember? Nei, det var veldig naturleg i forhold til

innhaldet i den stemningsfulle stunda. Og *Luk. 2. 1-20* har vel kanskje ikkje blitt framført så fløyelsmjukt i kyrkja før. Det sørga Espelid sin lyse tenor for.

Og den varme stemmen hans smelta godt saman med lyssettinga under heile konserten. Koristane hans, Silvia K. B. Tangen og Henriette Braarvig var også svært flinke, og kvintetten gav oss ei flott oppleving. Silvia K. B.

Tangen framførte også fleire soliststykker under konserten.

Og sjølv sagt fekk me "Deilig Er Jordan" til slutt, med alle aktørane, før Sigrunn Hole Høsaas frå arrangøren, Bokn sokneråd, takka for den flotte førjulstemninga me hadde fått, og delte ut roser til Ruben Espelid og musikarane hans, Boknakoret og dirigent Anne Tove Øvrebø.

Julegåveaksjonen 2012

Tekst: Elisabet Taraldlien - foto: Jardar Havikbotn

Det har blitt ein koseleg og særsgivande tradisjon å samle inn julegaver til dei som har heimstaden sin i Korosten, Ukraina. I år gjorde Annette og eg ein ny vri, og fekk i stand ein "strikkeaksjon" berre ein månad før me sko sende avgårde sekker med klede og julegaver.

te kontakta av ei dame frå Røros. Ho hadde så mykje ho hadde strikka, og ingen å gje det til, om ho kunne sende det til oss, slik at me kunne sende det til Ukraina? Eg vart kontakta på facebook av ei hyggjeleg dame frå Bømlo, ho hadde nokre sekker med klede, men kom seg ikkje til Bokn å levere,

nen 2012. Julegåvene inneheld hygieneartiklar, truser, strømpebukser, sokkar og babyklede. Det blei og sendt med julesokk med snop:)

Takk!

Me ynskjer å takke alle som bidrar med sekker med klede, som bakar til



28. NOVEMBER: Ein del av dei strikka produkta klare til sending.

Respsen har vore heilt utruleg, og det kom inn 105 luer, 60 par sokkar, 12 skjerf og 7 par vottar! Og det berre på ein drøy månad! Fantastisk! Heile **93** sekker vart sendt avgårde denne gongen!

For å nå fleire menneske, starta me ei side på Facebook som me har kalla "Bokn hjelper Ukraina". Og respsen har ikkje latt vente på seg! Til nå er det 74 medlemmer av gruppa, og det kjem stadig fleire til.

Heilt frå Røros

For om lag to veker sidan, vart Annet-

te om me visste om nokon som kunne hjelpe?

Eg fekk hjelp av Vivian Pedersen, ho bur på Bømlo, og hu køyrde sekkene til Bokn for oss! Grethe Alvestad har henta sekker på Randaberg, og Annette har vore etter sekker i Haugesund.... Det er ikkje til å undrast over at me trivst særsg mykje med dette prosjektet vårt:)

Andre julegaver

Me har hatt fleire loppemarknader, og for dei pengane me har fått inn, har me laga over 200 julegaver til aksjo-

loppemarknadene, som kjem med lopper, som handlar hjå oss, som strikker flotte klede me kan gi, som er med å hjelper på ein eller annan måte. Som hjelper oss å hjelpe. Tusen, tusen takk!

Me fortset neste år med innsamling av sekker. Me har masse flotte lopper, så utpå nyåret må me nok ha ein ny loppemarknad! Med ynske om ein flott og fredfylt jul, og eit velsigna godt nytt år.

Helsing Annette og Elisabet

Fra barnemunn:

Hyrdene hadde turban på hodet mens de gjetet sauer og høner. Etter at hyrdestunden var slutt, dro de for å besøke Jesus på julaften. Det er derfor vi gir hverandre gaver i dag. Men de spiste nok kanskje ikke ribbe. Jeg tror de spiste grønnsaker og drakk vin. Eller kanskje de grillet eselet tross alt? (Gutt, 7 år)

De vise menn så en stor stjerne som de fulgte etter. Til slutt kom de frem til Jesus, som den gang bare var et vanlig barn. Så ga de Jesus røyk og myrra. (Gutt, 8 år)

Da det ble julaften og julestjerna lyste over jomfru Maria mens hun vasket trappa, skrev Alf Prøysen "Julekveldsvisa". (Jente, 5 år)

Hyrder er egentlig vanlige mennesker. Det er ikke noe å le av. (Jente, 7 år)

Josef ble far til Jesus Kristiansen i en grisebinge uten at noen visste om det. Først visste han det ikke selv engang. Til slutt fikk han vite det av en engel som tilfeldigvis fløy forbi. På den måten begynte den oppvoksende slekt å vise seg. (Gutt, 7 år)

Kilde: Internett

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 10 1992

Toralf Are: JUL I MIN BARNDOM

-Kjære boknarar, unge og gamle. Store og små-.

Då Liv spurde meg om eg kunne tenkja meg å skriva litt for bygdabladet om korleis vi feira jul i min barndom og oppvekst kom eg visst til å svara at eg skulle prøva. Det skulle eg vist ikkje ha gjort, men eit ja er eit ja, og skal haldast. Det har blitt slik med meg at eg minnest betre det som hende for 75-80 år sidan enn det som hende igår. Difor får eg prøva å rota litt i tankelista mi og sjå kva eg kan finna:

Eg får ta til med førebuinga til julehelga: Då minnest eg i alle fall at mor hadde det travelt. Det skulle gjerast reint i huset, og stor klesvask var det nok. Ikkje minst skulle det sytast for julegåver. Alle måtte få noko nytt til jul. Ho strikka sokkar, lubber og vetter og bollar. Ho sydde skjorter og bluser, kjolar og kåper. Alle måtte ha ei julegåve, elles måtte dei bera "verahodnå" som dei sa i den tida. Det skulle bakast lefser, brød og mange andre gode ting.

Så må vi hugsa at dei hadde ikkje det utstyret som vi har idag. Tenk på baljen og vaskebrettet, torv og kansje halvra ved. Men dei fekk det gjort.

Vi hadde alltid ein gris som måtte lata livet til jul. Den dagen det skulle skje, var far tidleg oppe. Han skulle varma vatn til skollinga av grisen. Bor til å leggja grisen på og eit stort trau som grisen vart lagd på så snart han var daud måtte finnast. Også øks og kniv og fat til å røra blod i. Ingenting måtte gløymast.

Så kom då tida då grisen skulle ut av bingen. Me ongane blei redde og stakk fingrane i øyrene, sprang bak løa eller i hagen. Ikkje rart at grisen skreik: bann om foten og tryneband. Han stritta imot og ville inn att i bingen sjølvsagt.

Det var "Gamleholjer" som var slaktar. Han brynte alltid kniven og øksa godt før han gjekk i gang.

Når så grisen var avliva, var det å få han i trauet og slå kokande vatn på han. Så var det å riva bort all busta som ein

kunne få bort, og så ta resten med ein kvass kniv. Ei slags barbering blei det.

Mor var alltid på plass og rørte i blodet for at det ikkje skulle leverast seg. Eg ser henne endå for meg då ho låg på knærne og rørte.

Nå så grisen var skolla og lagd på eit bord, så blei han oppskoren og innvollane skulle ut. Mor var på plass med fater og trau. Tarmene skulle skollast og. Innvollane skulle sorterast og takast vare på.

Så skulle det lagast pølser. Det fekk vi ungane vara med på. Vi drog tarmen inn på pølsehornet og sveiva kjøttkverna. Så kom farsen inn i tarmen og det blei store og fine pølser av det. Eg ser dei for meg.

Det blei også slakta ei gimmer eller ein sau som blei salta ned i baljen.

Å finna juletreet var ei vanskeleg sak på Are. Det var ingen skog i den tida, men juletre måtte vi ha. Det var ein holme i nærleiken, Vierholmen kalla vi den. Der vaks det nokre furuer. Der fikk vi skjera nokre greiner. Dei kveste vi med ein kniv, bora holer i stammen og sette greinene inn. Stundom bruka vi einer (bragje), og det blei fine tre. Vi pynta med papirkorger og papirlenker som vi laga. Så var det stearinlys. Dei lukta så godt når dei blei tende.

Så var det sjølve julefeiringa då: Julaf-ta skulle alle vera reinvaska og oppkledd. Ungane blei bada i ein balje i kjøket. Dei vaksne ordna seg best dei kunne.

Julafta var det alltid risengrynsgraut heime på Are. Det kunne nokk variera litt kva folk hadde til mat julafta. Nokon hadde torsk eller ribbe. Var vel meir skjeldan i den tida, men alle skulle ha god mat med jul.

Etter maten og juleevangeliet skulle julepresangane delast ut. Alle måtte få ein ting som eg sa tilegare. Så var det å gå



- Vi hadde alltid ein gris som måtte lata livet til jul -

rundt juletreet. Alle dei gode gamle julesongane blei sungne. Det var sume uttrykk i songane eg hadde bry med, t.d. "Her kommer dine arme små". Då tenkte eg på små armar. Og så denne strofa: "Opplys enhvar i sjel og sinn". Då var tankane mine i sauehuset. Kunne ein ver opplystast i sjel og sinn?

Andre juledag var det å gå i kyrkja: Sidan Bokn var aneks til Tysvær fekk vi ikkje preik første juledag. Då hadde Tysvær retten.

Det blei kveld julafta sjølv om det var gildt. Godt var det og koma til sengs i nyoppredd seng med ny halm. Høg og god. Då sov vi godt.

Juledagsmorgonen fekk vi også noko ekstra. Kanskje ei julegeit. Ei julegeit er ei sirupskake som er splitta litt i kanten. Det skal førestilla horn. Vi fekk kanskje også andre småkaker. Det smaka godt. Det var ikkje kvardagskost.

Etter jul kom juletefestane på rekke og rad. Dei to vissaste var losjen og ungdomsforeininga. Dei hadde fest kvar sitt år andre juledagskvelden. Vi gjekk kring

juletreet til langt på natt og song julesongane oppatt og oppatt. Vi gjekk par om par kring treet i den tida. Vi gutane gjekk og bau opp jentene mest som dei gjer til dans. Og mange eldre sat rundt på benkene og såg på og fekk veta nytt: Nå var det den og den som gjekk saman.

Fleire lag og organisasjonar heldt fest så vi kunne gå på opp til 6-7 festar. Nå er det ikkje mykje igjen av dette. Men så har vi radio og fjernsyn. Det hadde vi ikkje då. Første gongen eg hørte om radio var ein gong far hadde vore i Skudesnes. Der blei han beden inn til ein forretningsmann, og fekk noko på øyrenesa han- Og kunne høyra ei dama i England som song. Vi ville ikkje tru det, men det var nok eit av dei første krystallapparatane som kom.

Så ønskjer eg alle boknarar god jul og godt nytt år 1993. Tankane mine er ofte i Bokn. Stor forandring er det blitt i seinare tid, og meir vil nok skje i tida framover. Lukke til.

Beste helsing
Toralf Are

Koseleg Luciafest

Tekst: JH - foto: Kjetil Hamre

Bokn musikkorps sin tradisjonelle Luciafest var i år den 9. desember.

4. klasse gjennomførte eit flott Luciaopptrinn for ein fullsett sal, før Bokn skulekorps spelte tradisjonelle julesongar. Etterpå hadde aspirantane sine innslag. I *Ord for kvelden* snakka Anne E. Askeland om verdien av å ha mot til å visa takksemnd sjølv over små ting,

og å la det vera eit styrande verdiprinsipp er avgjerende for at me alle faktisk skal ha det bra.

Det blir sagt at Lucia viste takksemnd over at mora blei frisk, men led martyrdøden pga. at menneske i maktposisjonar ikkje likte at ho formidla eit kristent budskap.

Etter mat, drøs og trekningar av div. gevinstar, hadde Bokn Brass si avdeling, som blei avslutta med nyinnøvde "*Et Lys Imot Mørketida*" saman med Boknakoret. Solist var Sylvia

Vatnaland. Songen er laga av Nord-Noreg sin store visepoet, Trygve Hoff, og handlar om å sjå framover i tunge stunder, venta på lyset i mørketida, venta på jula. Songen passa godt på ein adventsfest.

Boknakoret, med dirigent Anne Tove Øvrebø, framførte så "*En Stjerne Skinner I Nat*". Solist: Maria Nilssen.

Samtlege aktørar gjorde ein kjempeinnsats på scenen, og bidro til ein koseleg Luciafest.



Bokn Brass og Boknakoret framfører "*Et Lys Imot Mørketida*".



Gratulerer!



Magnhild Are - 85 år, 29. november.

Gratulerer med dagen til vår kjære mamma, svigermor, bestemor og oldemor. Me er veldig glade i deg.

Stor klem fra hele familien din.



Janne Elisabeth Ytreland - 31 år, 5.12

Gatulere med 31 års dagen, Janne Elisabeth. Kjempeglad i deg!

Hilsen mamma og Sigve<3



Elise Kro Birkeland - 6 år, 4. Des.

Me vil gratulere verdens beste storesøster med 6årsdagen:) Me e kjempeglad i deg<3

Stor klem fra Julie, mamma og pappa



Andreas G. Alvestad - 4 år, 8. Des.

Me vil gratulera med 4 års dagen! Masse glad i deg!!!

Stor klem fra farmor, farfar og tante Irene.

Sport

Stabil i toppen

Jardar Havikbotn

Medan mange var opptatt med snømåking 1. desember, sprang Janne Elin Vatnaland halvmaraton, og vann.

Løpet var ein del av Maratonkarusellen i Bergen, og det var det siste i 2012. På snøføre sprang Janne Elin inn til den gode tida 01:28:42, 27 sekund foran nr. to, Christina M Linde. Desse to var suverent dei beste damene på halvmaraton.

Klubbvenninna hennar, Anne Jorunn Hodne sette løyperekord på fullmaraton med 02.56.02. Motivasjonen i klubben er det nok ingenting i vege med.

Boknaren spelar også handball på bedriftslaget til tannlegestudentane, og dagen etter halvmaratonløpet fekk ho nettkjenning då laget hennar vann ein kamp. Nå håpar ho suksessen også skal gjelda på eksamen.



Maratonkarusellen

Første løpet i Maratonkarusellen blei arrangert i januar 2006. Maratonkarusellen blir arrangert fem gonger pr år, vanlegvis i januar, februar, mars, oktober og desember.

På samtlege karuselløp blir det arrangert halv- og fullmaraton. Start og målgang er på Fana stadion.

Janne Elin Vatnaland i aksjon under det siste løpet for sesongen i Maratonkarusellen i Bergen 1. desember.

Foto: kondis.no

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Andel av Loda-vegen 555 (Gnr 19, bnr 33) er overdradd fra B o r g h i l d Gramstad til Johan Gramstad

(06.11.2012)

Øyren 46 (Gnr 4, bnr 35) er solgt for kr 3.150.000 fra Ingvar Kristoffersen til Kim Andre Hammer

(20.11.2012)

Gnr 11, bnr 307 er solgt for kr 1.216.020 fra Bokn kommune til Alliance Invest Bokn as

(22.11.2012)

Fra barnemunn:

Det var julestjernen som lyste så høyt at de tre vimsete menn ble ført fremover til låven der Jesusbarnet lå i skjødde til jomfru Maria. (Gutt, 7år)

De vise menn så en stor stjerne som de fulgte etter. Til slutt kom de frem til Jesus, som den gang bare var et vanlig barn. Så ga de Jesus røyk og myrra. (Gutt, 8år)

Kilde: Internett

KULTURKALENDEREN

Januar

- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste 11.00
- 13. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn Musikkorps
- 14. Bibellesing kl 19.00
- 17. Fest for eldre og funksjonshemma - **sjå s. 18**
- 20. Normisjonsmøte 19.00 bedehuset
- 24. Soknerådsmøte på bedehuset
- 25. Kino i Auditoriet
- 27. Gudsteneste 11.00
- 28. Bibellesing kl 19.00

Februar

- 03. Gudsteneste 15.00
- 08. Kino i Auditoriet
- 10. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps
- Veke 7 Vinterferie, Bokn skule
- 11. Bibellesing kl 19.00
- 14. Møte NSM bedehuset kl 19.00
- 17. Møte NSM bedehuset kl 19.00
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Gudsteneste 13.00
- 25. Bibellesing kl 19.00
- 25. Årsmøte kl. 19.00, Bokn Musikkorps

Mars

- 01. Møte Den indre sjømannsmisjon bedehuset kl 19.00
- 03. Møte Den indre sjømannsmisjon bedehuset kl 19.00
- 05. Speidarbasar på bedehuset kl 18.00
- 07. Soknerådsmøte på bedehuset
- 08. Bedehuset sitt årsmøte
- 08. Kino i Auditoriet
- 10. Gudsteneste kl 11.00, Årsmøte etterpå
- 11. Bibellesing kl 19.00
- 13. "Han Innante" m/fl., arr. Bokn Næringsforum

- 17. Møte ABR senteret bedehuset kl 19.00
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Gudsteneste kl 11.00, konfirmantar, dåpsskule
- 24. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps
- Veke 13 Påskeferie, Bokn skule
- 25. Bibellesing kl 19.00
- 28. Påskemåltid på bedehuset
- 29. Gudsteneste 11.00
- 31. Gudsteneste 15.00

April

- 04. Soknerådsmøte på bedehuset
- 05. Kino i Auditoriet
- 08. Bibellesing kl 19.00
- 14. Vårkonsert kl. 16.00, Bokn Musikkorps
- 14. Møte Gidion bedehuset kl 19.00
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Gudsteneste 18.00 Samtalegt. Konf. fest etterpå
- 22. Bibellesing kl 19.00
- 28. Gudsteneste 11.00 Konfirmasjon

Mai

- 03. Kino i Auditoriet
- 06. Bibellesing kl 19.00
- 12. Møte Misjonsambandet bedehuset kl 19.00
- 17. Gudsteneste 10.30
- 22. Soknerådsmøte på bedehuset
- 26. Gudsteneste 11.00 i Loten
- 31. Kino i Auditoriet

Juni

- 02. Normisjonsmøte bedehuset kl 19.00
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste 11.00
- 19. Soknerådsmøte på bedehuset

Nytt år – nye muligheter; bli med då vel!

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Jardar Havikbotn

Gladtrimmen brer om seg og det er berre å konstatere at aktiviteten er høgare enn nokon gong.

Frå januar 2013 startar dei ulike aktivitetane opp att i fylgjande rekkefylgje:

Turgjengen

- går tur kvar **MÅNDAG FRÅ KL. 14- 15**, start ved kommunehuset. Oppstart 7. januar 2013.

Senoirdansen

- har danseøvingar kvar **TYSDAG FRÅ KL. 17.30 – 19.30**, gymsalen på skulen. Oppstart 8. januar 2013.

Gladtrimmen

- vanleg styrke, balanse og kondisjonstrening kvar **TORS DAG FRÅ KL. 10.30 – 11.15**, gymsalen på skulen. Oppstart 10. januar 2013.

Vel møtt!!



Utetrening 23. juni 2011

Boknajul i gammal tid

Om oskereia og anna juleskrømt

Birger Lindanger

Julehalm mot juleskrømt

For dei gamle boknarane var jula ein fest ved slutten av eitt jordbruksår og ved inngangen av eitt nytt. Då blota dei til gudane i takk for kva det gamle året hadde å by på og i ynskje om eit fruktbart komande år. Det var ein fest fordi sola "snudde". Kanskje ofra dei også for at ho skulle snu, koma tilbake og gjera dagane lysare. Og dei fekk jo også kvart år bevis på at det hjelpte.

Difor var det om å gjera, jamvel lovpålagt, å brygga rikeleg juleøl. Det var ein fest då det galddt om å verna seg mot overnaturlege vetter som fekk stadig friare spelerom dess mørkare det blei. Særleg ved midnatt slo dei seg laus, og sikrast var ein på å møte vonde vetter klokka 24 juleaftan. Då kom dei daude frå heiden tid or haugane sine og søkte til gardar, medan dei frå kristen tid kom or gravene sine og heldt midnattsmesse i kyrkja. Då hadde også trollkunnige mykje meir makt enn vanleg. Til vern mot alle dei vonde julevettene mala folk tjørekrossar over dører og på øltynner og la stål i vogga hjå udøpte born.

Og så var det viktig å halda seg til vennis med gardsvoren, attergangaren etter bureisingsmannen. Det var ein liten, gråkledd ein som heldt seg på låven. Det var fars oppgåve å gå ut med ein dram til han. I fråhaldstider ofra ein gjerne graut på gubben. Gjorde ein det, var det betre håp om velstand i det komande året.


Mange stader dekkja dei og på julehalm på jordgolvet, ein skikk som heldt seg heilt fram til våre dagar. Her sov så heile huslyden saman gjennom juleatta. Bakgrunnen for denne skikken var todelt: ein skulle sova på halm til minne om Jesus som sov på halm i krybba. Men kanskje vel så viktig var det å kunna sova saman denne farlege, mørke juleatta då dei vonde vettene var særleg påtrengande.

Oskereia

Ei anna plage ved juletida, var Oske-reida. Det var ein larmande gjeng av vonde vette som skulle til Åsgard og med Sigurd Svein og Guro Rysserove rei i spissen.

Midnatt juleaftan strauk ho framom gardane og der ho dukka opp, blei det jamt slagsmål og drap. Ho drakk opp alt ølet der og kunne jamvel dra med seg folk som var utandørs i nødvendige ærend. I nyare tradisjon var Oske-reida på veg til gjestebod hjå troll og risar.

Ho var over alt og alle stader og be-



Ved juletider var året på sitt mørkaste. Då var alle slag vonde vetter ute og folket ofra til gudane for at sola skulle "snu". Kanskje lurar oskereia bak bakkekammen?

Foto: Kjetil Hamre

søkte også gardar i Bokn. På Leirdal i Sandeid var kona oppom stabburet for å henta meir flatbrød, men kom ikkje inn att. Det blei spurt etter henne over alt, men då ho ikkje kom att, var det klart at reida hadde teke henne. Året etter då reia drog framom garden, sto mannen og drengen klar. Då såg dei kona i ei vogn dregen av tri hestar. Mannen kasta ein brødleiv over vogna medan drengen stakk ein av hestane

snarast på Sæbø når Oskereia kom, kunne ein risikera å bli sett ned att i Tysvær. Kom reia over ein, var det òg måtar å koma klar. Ein strandsitjar under Haugvaldstad på Mosterøy la seg ned på bakke. Då nokre frå reida kom bort og skulle ta han med, heldt han pusten. Då trudde dei han var daud og drog vidare. Somme stader drog oskereia også med seg hestar. Og når dei sette dei frå seg att, sto skum-



Det er stilt i øyde tufter på Gunnarstad der han gamle Trond, drengen og huldrefolket ein gong heldt julegilde. Men mogeleg morar dei seg framleis i haug og hammar midnatt juleaftan?

Foto: Kyrre Lindanger

så han datt med det same. Reida gav då frå seg kona og drog vidare medan dei skreik: "Stikk og drag er bondens lag".

Vanlegare var at reida tok med seg folk og sette dei ned att ein annan stad. Om ein til dømes var ute som

met av dei og dei var bada i sveitte.

Huldrejul på Gunnarstad

Hulderfolket held julegilde

Julaftan var ein dag då boknarane var særst utsette for å koma ut for hulder.

Huldrefolket tedde seg i mangt som folk og levde som dei. Men dei heldt og i hevde heidenske skikkar lenger enn folka. Og minna om møta med huldrefolket har levd lenge mellom boknarane. Jens Håland var såleis født i 1833, og han fortalde – truleg etter mor si som kom til verda på Vatnaland i 1781 – om kor plaga dei var med hulder på Gunnarstad.

Der fekk dei i gammal tid aldri halda jul heime i eigne hus. Då laut dei røma for huldrene som kvar juleaftan kom til gards og ville halda leik og moro. Gunnarstadfolka mislika dette og grunna over korleis dei skulle bli kvitt uvesenet. Så hende det dei fekk ein dreng som ikkje ville flytta ut. Han ville halda seg i husa med helga, og var det slik

Eg skjenke han Trond!

Då skåla skulle gå over bordet, skulle han Trond drikka fyrst. Han som låg over omnen sette då i: "Eg vil og skjenka han gamle Trond!" og så skaut han så huset rista, og gamlingen stupa. Huldrene stokk så dei hoppa: dei for som ein vind gjennom døra. Liket tok dei med seg: men sylvtøyet og og gullet gløynde dei. Dei jamra og klaga fælt då dei drog over husbonden dei hadde mista.

Men drengen tykte det sto vel til, og det same gjorde gardsfolka. Det var ikkje bare det at dei fekk alt gull og sylv som var sett på bordet; sidan fekk dei også leva i fred for huldrene.

Året etter kom dei att og ropte inn

Då jula kom, var løa flytta til den nye staden og buskapen var på plass i fjøset. På dagen juleaftan sto Torgils og beundra verket. Då kom den gråklede att og spurde om han ikkje ville halda julegilde i haugen slik han hadde lova.

Torgils blei då med ned i haugen. Her var det dekkja med den gildaste sylvstaden og med dei beste rettane. Det einaste var at det draup noko brunt frå taket og ned i tallerken til Torgils. Då Torgils undra kva det kunne vera, forklara haugbonden at det var lann – piss – frå buskapen hans. Den nye løa sto nemleg rett over stovetaket til huldrefolket.

Då forsto Torgils at løa måtte flyttast tilbake til den gamle staden. Då han tok til, var det liksom flyttinga gjekk



Ovanom her blei Torgils invitert til julegilde hjå haugkallen. Me er på garden til Harry Bokneberg, eit bruk med røter beint tilbake til mellomalderen. Løa er bare hundre år gammel, men ligg på gamle tufter.

Foto: Kyrre Lindanger

at huldrene kom, fekk han freista å skremma dei. Han skulle vel finna på ei råd, meinte han, så han skulle få huldrene på flukt.

Den uredde drengen

Mannen i huset og folka hans var glade einkvan ville prøva å skremma huldrene. Det var mannsleg gjort av drengen at han baud seg til, men dei var så redde at dei ikkje visste om dei våga å be han gjera det. Men guten var ikkje det slag redd, og då dei andre flytta frå garden, laga han seg ei lega på nokre fjøler oppover omnen i det huset som han visste at huldrene helst ville halda seg.

Han låg'kje lenge før han hørde at huldrene kom. Dei drøste og lo, huja og og skreik og heldt eit ståk at det var grove ting. Men drengen la og merke til ein gamal mann som alle dei andre flokka seg om; dei kalla han "gamle Trond" og han forsto det var husbonden deira. Så tok dei fram fat og koppar – både av sylv og gull – og sette på bordet.

gjennom glaset: " Er kjettå heime i år?" Kva svar dei fekk, veit me ikkje sikkert; men det er vel ikkje utruleg sidan det gjekk så galt med husbonden deira.

Huldrejul på Boknaberg

Nokre hadde også nytte av å gjera seg til venns med huldrefolket. Såleis gjekk det mot jul då Torgils Boknaberg fann ut at tida var inne til å flytta løa si, han ville ha henne meir opp mot berget enn der ho hadde stått før. Og ho hadde stått på dei same tuftene i uminnelege tider, kanskje heilt tilbake til mellomalderen.

Medan han heldt på slik og flytta på material, kom det ein liten gråkledd ein og drog han i kuffa. Torgils forsto dette var ein haugkall, og haugkallen bad tynt om at han let løa stå der ho hadde stått.


Nei, dette passa ikkje Torgils og han heldt fram med å flytta på løa. Då spurde huldrekallen om han ikkje kunne koma ned i haugen hans og halda julegilde med han. "Jo", meinte Torgils, "Det måtta la seg gjera".

heilt av seg sjølv. Og sidan var det bare velstand hjå Torgils – fortel segna.

Dei fleste av desse historiene blei fortalde til amtskulestyrar Torkell Mauland i 1880-åra. Sidan gav han dei ut i "Folkeminne fraa Rogaland" bd. I – III, Oslo 1928. Noko av dette stoffet blei også trykt i bygdabladet for tolv – fjorten år sidan, men til glede for nye generasjonar kjem det altså med også i denne utgåva av Bokn Bygdablad.

Trolske tre triv trugande etter trøytt ferdafolk hastande gjennom julenatta.

Foto: Kjetil Hamre



TV-aksjonskveld

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ina V. Tangen

19. Oktober i haust arrangerte kommunekomiteen ein støttekonserert i samband med TV-aksjonen. 51 betalende, gjesteartist Gro Marit Messmer Larsen, Boknakoret og andre lokale artistar hadde ei fin stund.



Boknakoret, under dirigent Anne Tove Øvrebø (med pianoet), framfører "En Sång Om Frihet" av Mikis Theodorakis. Solist: Maria Nilssen.

Amnesty International Norge hadde årets TV-aksjon, og det var samarbeidet med leiaren for Haugesund Amnesty, Hanne Marte Vatnaland, som førte til at kommunekomiteen ville prøva eit slikt arrangement i år. Me fekk på plass gjesteartist, mobilisert lokale musikkrefter, og underteikna laga aksjonssong saman med Kjetil Hamre. Så var me i gong.

Kommunekomiteen hadde eit liknande



Daniel Thuestad framfører "Drømmen Om Elin".

arrangement i 1997, då Kreftforening-en hadde TV-aksjonen. Den gong kalla me heile greia for "Syng med oss", og selde også ein del produkt som var laga til TV-aksjonen det året.

I år, som i 1997, var det ikkje problem

å få folk til å vera med på dugnaden. Det største problemet var vel å finna ein passende kveld, og valet falt på fredagen før aksjonsdagen, sjølv om



også for eit flott avbrekk i temaet for kvelden, då han fekk med seg Kjetil Østebøvik på "Drømmen Om Elin". Kjetil Hamre sin eigen melodi til eige

det var skulebasar tidlegare på dagen.

Kvelden starta med at Kjetil Hamre las det nyskrivne diktet "Urett". Ordførar Kyrre Lindanger frå kommunekomiteen var konferansiér, og losa oss gjennom programmet på ein behageleg måte. Dei alle fleste songane som blei framført denne kvelden, handla om å vera medmenneske, om håp, menneskeverd og sjølvsaft menneskerettigheter.

Boknakoret med dirigent Anne Tove Øvrebø hadde m.a. ein afrikansk song på repertoaret. Dei song også aksjons-



Kjetil Hamre framfører sin eigen "Ei Trygge Havn".

songen "Urett" saman med Ida Havikbotn. Venevil Birkelund spela piano, Kjetil Østebøvik, bass, Kjetil Hamre, gitar og underteikna keyboard. "En Sång Om Frihet" av Mikis Theodorakis blei også framført. Her var også Daniel Thuestad med på trekkspel. Han stod

dikt "Ei Trygge Havn" fulgte så, før Maria Nilssen og Lisbeth Skjelde song "Heal The World". Siste innslag før matpausen var Sylvia G. Vatnaland og Ida Havikbotn med VAMP's nye hit, "Liten



Fv. Lisbeth Skjelde og Maria Nilssen framførte "Heal The World" saman.



Fv. Sylvia Vatnaland og Ida Havikbotn song "Liten Fuggel".

Fuggel".

Bokn Sanitetsforening hadde laga maten, og bidrog på den måten til årets TV-aksjon. Det var også sal i pausen, og spesielt Amnesty-lysa gjekk fort unna.



Venevil Birkelund og Kjetil Østebøvik under "Syng Med Oss"-avdelinga.

I appellen sin intervjuja Hanne Marte Vatnaland Esraa Yaroub Akram frå Irak. Ho kom til Haugesund som politisk flyktning for fire år sidan. Intervjuet kan du lesa i den blå boksen.

"Syng med oss" er alltid populært, og me hadde fått plass til ni songar. Økta blei avslutta med "Din Tanke Er Fri", Alf Cranner's gjendikning av den tyske folkemelodien "Die Gedanken Sind Frei". Den songen er dedikert til Amnesty International.

Finalist i Norske talenter 2011, Gro Marit Messmer Larsen, avslutta konserten, og for ei avslutning! Her fekk me ikkje berre "gåsehud" av ein fantastisk stemme med eit enormt register og trøkk. Me fekk også ein god låter av Larsens sjølvironiske veremåte. For det er ikkje alle artistar som seier:



...hørr godt itte. Nei, forresten, ikkje gjørr det... Gjestearartist Gro Marit Messmer Larsen viste ekte formidlingsglede med sin fantastiske stemme.

- På slutten av teksten handla det litt om det Amnesty står for, så hørr godt itte. Nei, forresten, ikkje gjørr det, for eg glømmte teksten av og te. Entertaineren koste seg tydeleg på scenen, og kunne ha heldt på mykje lenger. Etter konserten skrøyt ho av arrangementet og sa at ho gjerne kom igjen til Bokn. Det får me håpa.

Inngangsbilletten var også eit lodd, og heldige vinna-

Hanne Marte Vatnaland i samtale med Esraa Yaroub Akram.



Ordførar Kyrre Lindanger var konferansier.

rar gjekk heim med VAMP-billetter og ei FKH-signert aksjons T-skjorte.

På vegne av kommunekomiteén vil eg takka alle som var med og gjorde kvelden så fin som han blei. Spesiell takk til Venevil Birkelund, som stilte opp på kort varsel, og til Kjetil Østebøvik, som spelte bass på dei fleste sceneinnslaga i tillegg til at han hadde kontroll på lyden.

Alle inntekter gjekk til TV-aksjonen, og det kom inn 7.300 kr.

Intervju med Esraa Yaroub Akram (17)

Hanne Marte Vatnaland

Fortell litt om hvordan familien din kom til Norge for snart fire år siden.

- Vi kom som politiske flyktninger i desember 2008. Da hadde vi flyktet fra hjemlandet mitt Irak til Syria, før vi ble sendt videre til Norge. Faren min kan spansk, og skrev for den store spanske avisen «El Mundo» om situasjonen i Irak. En dag fikk vi en telefon fra en mann som sa til mamma at om vi ikke forlot landet, ville hun måtte hente oss barna på likhuset. Han sa dessuten at hun burde takke han for advarselen, og at han ikke bare begynte å komme etter oss.

Hvem var han?

- Det vet vi fortsatt ikke. Det er ikke godt å si hvem som jobber for hvem, eller hvem som er politi og hvem som er motstandsbevegelser eller mafia. En av de gangene vi kom hjem til Irak ble vi oppringt samme kveld og spurt hvordan faren min våget å vise seg i gatene.

Og faren din har sittet i fengsel?

- Ja. Jeg har vært i mange ulike fengsler å besøkt både faren min og tvillingbroren hans som har sittet enda lenger i fengsel, og begge ble torturert.

Hvorfor?

- Det vet vi heller ikke. Når de ble arresterte ble det aldri sagt noe om hvorfor, hvor de ble tatt, eller hvor lenge. Det var en utrolig skremmen-

de opplevelse at pappa bare ble kjørt bort på den måten uten å vite noe i flere uker.

Hvilke tanker har du om Irak i fremtiden? Vil du tilbake?

- Vi har ikke lov til å reise inn for øyeblikket. Jeg har ikke særlig optimistiske tanker for samfunnet slik det er nå, og ting er ikke i ferd med å forbedre seg, men jeg vil tilbake i fremtiden på besøk selv om det nok aldri blir hjemmet mitt igjen.

Hva gjør det med deg, en tenåringsjente på norsk videregående skole å ha opplevd det du har?

- Jeg tenker jo normalt ikke på det hele tiden, men tankene kommer innimellom. Det er klart erfaringen preger meg i møtet med norske ungdommer som har sine problemer, men jeg trives godt i Haugesund.

Lusepidemi på Bokn!

Henriette Lindanger

Helsesøster, apotek og legekantor anbefaler alle å gre håret regelmessig med lusekam i to, tre uker etter at man har tatt lusekur. Selv om man har tatt lusekur, er det ikke alltid lusa blir borte. Derfor er kamming veldig viktig når det er lus i nærmiljøet.

Denne høsten har det vært svært mange tilfeller av lus både i barnehagen og på skolen. Flere barn har fått lus i flere omganger og foreldre og ansatte er fortvilte over situasjonen. Skolehelsetjenesten påtar seg vanligvis ikke å undersøke barna, så det er foresatte som blir de beste bidragsyterne i bekjempelsen mot hodelus.

I følge folkehelseinstituttet er det mange familier som ikke tar problemet

med hodelus på alvor. Dersom folk med hodelus ikke får eller tar noen behandling/kur tjener de som et luse-reservoar.

Det er dessverre nok at ett ubehandlet barn i en vennekrets/barneflokk kan gi smitten tilbake til barn som har blitt ferdigbehandlet mot lus. Dermed er den onde sirkelen i gang.

Vennligst undersøk alle i husstanden dersom noen i nærmiljøet har fått lusedet er da viktig å undersøke håret til barna jevnlig.

Dersom det fortsetter å dukke opp tilfeller av hodelus, kan det bli nødvendig med en felles «lusesjekk».

Skolen og barnehagen vil da sammen med helsesøster komme frem til



hvordan dette skal foregå.

Fest for eldre og funksjonshemma

17. januar kl. 17.30 i Allrommet, Boknatun

Beverting og underholdning

Påmelding innan 7. Januar til Servicetorget, tlf. 52 75 25 00

Bokn legekantor – åpningstider desember og januar

Desember 2012

Bokn legekantor held stengt fredag 28. desember. Dette inneber at siste vanlege opningsdag før jul er fredag 21. desember, og første vanlege opningsdag vert fredag 4. januar. For å kompensere for dette vil legekantoret ha ope onsdag 19. desember. **Vi ber difor alle som treng reseptfornyng, rutineblodprøvar osv i dette tidsrommet om å ta kontakt i god tid før den 21. desember.**

Ved behov for akutt legehjelp utanom opningstida, kveld, helg eller helgedagar kan du som tidlegare ringe Bokn Legevakt på 52 74 85 22. AMK på sjukehuset vil då handtere

henvendinga di på vanleg måte. Ved behov for akutt legehjelp på dagtid 27. og 28. desember vil Hegren Legesenter i Aksdal vere tilgjengeleg for våre pasientar på vanleg måte.

Januar 2013

vil legekantoret vere stengt pga ferieavvikling i veke 3 og 4 – frå den 14. til den 25. januar. Telefonen vil vere open for timebestillingar etc på vanlege tider i dette tidsrommet, og som tidlegare kan ein då kontakte Hegren Legesenter ved akutt behov for lege på dagtid eller til Bokn Legevakt på vanleg måte.

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie

909 24 964

Kjell Frode Lie

907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797

Fra barnemunn:

Jeg er så glad for at jeg er født av mamma og pappa, det må være fælt å bli født av noen man ikke kjenner.

Det er fint med besteforeldre, men de er litt skrukkete.

De rike er sånne som bestemor og bestefar, de har hvitt hår og kan kjøpe hva de vil. Mamma og pappa har svart hår, men så er de mye fattigere også.

Søsteren min er flyvertinne, derfor flyr hun rundt med små flasker i hånda og leter etter noen som vil drikke de.

Moren min sier at jeg går henne på nervene, enda jeg står helt stille.

Det viktigste når man gifter seg, er at man har en god monolog.

Kilde: Internett



Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller årsmål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.
Innvendig reingjering frå 500 kr.
Skinngleie frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser
- Transport av maskiner og utstyr

Telefon: 94 98 63 64

coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Åpningstider
Julaften: 9-13
Nyttårsaften:
9-15

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Ønsker alle kunder
God Jul & Godt nytt
år!!
Hilsen oss på
Coop Marked Bokn

**Forvaltningsstyremøte 3. oktober 2012****Sak 032/12 Søknad om tillatelse til tiltak****Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Forvaltningsstyret finn at kommuneplanen si avgrensing av max 5 bustader i området ikkje eintydig kan tolkast som avgrensing av 5 bustadeiningar, og at det derfor må vera rom for godkjenning av tomannsbustader på einskilde av tomtene etter ei konkret vurdering. På denne bakgrunn finn forvaltningsstyret at alle dei 6 frådelte tomtene kan byggjast på, og at det kan førast opp inn-til 2 tomannsbustader i området.
2. Det blir etter § 19-2 gjeve dispensasjon frå reglane om mønehøgde som blei fastsett for tomta i sak 017/05.
3. Søknad om oppføring av tomannsbustad vert godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.
4. Bygget må leggjast så lågt i terrenget som mogeleg, mellom anna av omsyn til at stigning på avkjørsle ikkje bør vera over 1:10. Felles snuplass for bil for dei to bustadeiningane må etablerast på tomta.
5. Det blir gjeve utslepsløyve i samsvar med framlagd utgreiing. Det skal etablerast eigen slamavskiljar for tomannsbustaden.
6. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrleggararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaksklasse 2.
7. Berge Sag & Trelast AS fekk i delegert vedtak i sak 139/11 ansvarsrett for områda SØK, PRO og UTF. Med bakgrunn i rammeløyve etter punkt 3 og ansvarsrett som referert, blir det gjeve løyve til å setja i gong.
8. Det må søkjast om ferdigattest seinast 4 veker etter at tiltaket er ferdig. I samband med dette må det sendast inn gjennomføringsplan og oppmålingsdata for veg, VA-leidningar og bygga. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0
9. Det skal i medhald av § 11-16 i byggt teknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

Sak 033/12 Meldingssaker**Forvaltningsstyret vedtok:**

Sak vedr. gnr. 11 bnr. 307 – Allians Invest AS – pir – manglande byggjemelding. Tilhøvet skal leggjast fram på neste møte anten som orientering eller som sak. Ut over dette vart rådmannen sitt framlegg vedteke slik det låg føre.

Forvaltningsstyremøte 11. november 2012**Sak 035/12 Gnr.19 bnr. 72- Kurt Jøsang - sjøhus/ næringsbygg –dispensasjon****Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Forvaltningsstyret gjev med heimel i Pbl. § 19-2 dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for å byggje

næringsbygg, sjøhus, på gnr. 19 bnr. 72 som skal nyttast til fiskemottak.

Det er lagt vekt på at bygget har fått ei god estetisk utforming som vert vurdert å vera i samsvar med krava i Pbl.§ 29-1 og 2, at det tidlegare er gjeve dispensasjon frå arealføremålet i samband med frådeling av tomt og at arealet i det føreliggande framlegg til ny kommuneplan er vist til næringsføremål.

2. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan fristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

Sak 036/12 Gnr. 19 bnr. 71 -Sigurd Jøsang- sjøhus/ næringsbygg- dispensasjon**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Forvaltningsstyret gjev med heimel i Pbl. § 19-2 dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for å byggje næringsbygg, sjøhus, på gnr. 19 bnr. 71 som skal nyttast til fiskemottak.

Det er lagt vekt på at bygget har fått ei god estetisk utforming som vert vurdert å vera i samsvar med krava i Pbl.§ 29-1 og 2, at det tidlegare er gjeve dispensasjon frå arealføremålet i samband med frådeling av tomt og at arealet i det føreliggande framlegg til ny kommuneplan er vist til næringsføremål.

2. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan fristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

Sak 037/12 Gnr. 9 bnr.72- Lars Norekvål - bustadhus med 4 bueiningar og frittstående garasje - klage på vedtak**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Forvaltningstyret finn ikkje at klage dagsett 06.10.2012 frå eigar av gnr. 9 bnr. 12 inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 027/12.

Forvaltningstyret held derfor fast på vedtaket i sak 027/12

2. Klagen vert sendt til fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

3. Klagen vert i medhald av §42 i forvaltningslova gjeve oppsetjande verknad inntil det er gjort endeleg vedtak i klagesaka.

Sak 038/12 Gnr. 11 bnr. 50 -Ingvar Alvestad - Riving av sjøhus og bygging/bruksendring – dispensasjon**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2, jfr. §19-4 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningstyret frå gjeldande reguleringsplan for riving av eksisterande sjøhus og for nybygg/ ombygging inkludert heving av bygga 80 cm. i høve til golvnivå i dag. Det vert og dispensert frå § 29-4 i plan- og bygningslova i høve til avstand til nabogrense.

Det er lagt vekt på at tiltaket inneber ei oppgradering av bygningsmassen med ein bruk som sikrar bevaring av det verneverdige miljøet. Det vert og vist til uttale frå Rogaland fylkeskommune.

I høve til brannsikring er det lagt avgjerande vekt på rapport og uttale frå Multiconsult.

2. Forvaltningsstyret finn ikkje at det omsøkte tiltaket

fører til ulemper for naboar utover det som må kunne forventast i eit tettbygd område.

3. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan fristen, kan endeleg rammeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt

4. Ved oppføring av eit eventuelt bygg på nabotomta i sør, tek forvaltningsstyret atterhald om å føretaka ei ny vurdering av faren for brannsmitte mellom dette bygget og bygga som nå vert bygd/ombygd på bnr.50.

Eigar av bnr. 50 må vera budd på å få nye krav med omsyn til brannsikring i samband med dette.

5. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det liggja føre ei endeleg avklaring med omsyn til framføring av vatn og avlaupsløysing.

6. Arkipartner AS vert godkjent som ansvarleg søkjar og som ansvarshavande for arkitekturprosjektering Multiconsult AS vert godkjent som ansvarshavande for prosjektering og kontroll av branntryggleik, og Errive AS vert godkjent som ansvarshavande for sanitæranlegg.

Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det liggja føre ansvarshavande for dei øvrige aktuelle ansvarsområda.

7. Forvaltningsstyret godkjenner at TEK97 vert lagt til grunn for prosjektering og utføring av arbeidet.

Sak 039/12 Meldingssaker

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Meldingssakene blei tatt til etterretning.

Sak 052/12

Dekking av vedlikehaldsutgifter, leikeklassen i FØRESVIK-NORD

Formannskapet sitt vedtak:

1. BOKN FORMANNSKAP STETTAR SØKNADEN FRÅ FØRESVIK VELFORENING MED KR. 14.309

2. UTGIFTENE BLIR DEKKA AV 1471.240.3770 - TILSKOT TIL FORENINGAR, ARRANGEMENT.

Sak 060/12

Søknad om tilskott frå næringsfondet

Formannskapet sitt vedtak:

Bokn formannskap vedtek å gi kr. 120.000,- til Trond Egil og Ellen Nedrebø. Beløpet blir overført på grunnlag av oversendt dokumentasjon for kostnader som er minimum det dobbelte av tilskotsbeløpet.



Kulturmidlar 2012

Jardar Havikbotn

Bokn formannskap fordelte i møte 4. desember årets kulturmidlar.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

Kr. 150.000 blei fordelte slik:

Barnekoret, Bedehuset, Gatebil-klubben, Historielaget, Idrettslaget, Musikkorpset, Mållaget, Pensjonist-foreningen og Vevstova får det dei søker om.

Speidarane og Skyttarlaget får det same som i fjor, medan Båttforeningen og Røde Kors får ei reduksjon i den ordinære fordelinga.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Søkarar:

Bokn Gatebilklubb	Kjøp av Bokn Paintball sitt klubbhus ved Kyrkjebýgd kulturhus
Bokn idrettslag	Instruktørutdanning og nødvendig utstyr til Yoga
Bokn musikkorps	Instrument og nødvendig utstyr til 50 års-jub. i 2014
Bokn Røde Kors	Skifte av kledning og isolering av klubbhus

§7-midlane gjekk til Bokn Røde Kors.

Oversikt:

LAG/ORGANISASJON	FEKK 2012	FEKK 2011
Bokn barnekor	1.500	2.000
Bokn bedehus	2.500	2.500
Bokn båttforening	3.000	11.000
Bokn Gatebilklubb	10.000	6.000
Bokn historielag	1.500	1.500
Bokn idrettslag	60.000	50.000
Bokn KFUK/-M Speidarane	20.000	20.000
Bokn musikkorps	15.000	15.000
Bokn mållag	1.500	1.500
Bokn pensjonistforening	1.500	1.500
Bokn Røde Kors	14.500	20.000
Bokn skyttarlag	7.000	7.000
Bokn vevstove	2.000	2.000
Bokn Røde Kors	10.000	§7 - spesielt tiltak

SAMMEN FÅR VI TING TIL Å SKJE !

Lokal verdiskaping er et hovedformål for oss i SpareBank1 SR-Bank. Vi skal være med å utvikle regionen og løfte frem de menneskene som bor her slik at de blir enda bedre i stand til å skape et godt og bærekraftig samfunn. Utvikle, løfte og skape.

Vi er med på det lokale spleiselaget som gjør vår del av landet til ett av verdens beste steder å bo. Dette er viktig for oss. Vi trenger lokalsamfunn med varierte muligheter og fritidstilbud for at hvert enkelt menneske skal ha mulighet til å utvikle seg. Derfor samarbeider vi med mange lag og foreninger om gode formål innen idrett, kultur og oppvekst.

Gjennom generasjoner har SpareBank 1 SR-Bank bygget opp verdier som har bidratt til trivsel, vekst og ny verdiskaping. En av våre viktigste oppgaver er å bidra til et levende og sterkt lokalsamfunn. Dette krever lokalt engasjement fra mennesker.

Vi inviterer med dette lag/organisasjoner og enkeltpersoner fra Bokn til å søke midler til tiltak.

Prioriterte formål er :

Barn og unge

Oppvekstmiljø

Idrett

Friluftsliv

Samfunnssikkerhet

Kultur

Søknad sendes/leveres til:

SpareBank1 SR- Bank Bokn

v/May Jorunn Vatnaland

5561 Bokn

Søknadsfrist 15.januar 2013





Få ny sveis til jul!

Hodemassasje følger med denne julemnd.

En riktig God jul og et Godt nytt år ønskes til alle.

Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

52 74 86 47
46 44 29 20

Julehilsen Mona

Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR

Vil ønske alle en riktig god jul og et godt nytt år!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR

Div. tenester

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Unn A. Mustaparta - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

HELSEMASSASJE

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57

Bokn legevakt: 52 74 85 22

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut



Lanternetoget

Tekst: Elisabet Taraldlien - foto/fototekstar: Jardar Havikbotn



Barnehagen har gått lanternetog i svært mange år, men i fjor tok me det opp et "nivå" da Kjekt på Bokn inviterte oss med på ei overekking av gåver til dei som bur på sjukeheimen.

I år hadde me inga gåve, men me synest ramma rundt feiringa var svært koselig, så me ville gjere det likt som i fjor.

Me gjekk ned i "den blå timen", og faklar sto og brann, og ei godt bål var det i bålpanna – takk til Egil som satte oss i god stemning.

Songen "Her går jeg med min lanterne" runga ned mot dei på Boknatun som sto og venta... Me song og "På låven sitter nissen" og "Eit barn er født i Betlehem".

Alle fekk kakao og pepparkaker, og det vart ei koseleg stund for alle som deltok.



Kakao og pepparkaker til alle!



Olav Håland får kakao av blånisse Ådne Norekvål.

NEDE TIL VENSTRE:
Fv. Zuzanna Ufnal, Tobie Våge, Borg-hild Are og Irene Kro sette pris på be-søket.

FRUKOST PÅ SJUKESTOVA: Line Øvrebø (med pepparkakene) og Runar Alvestad (med kakao) deler ut til Bjarne Våge (tv) og Sverre Bryningsland (th). Elisabet Taraldlien hjel-per til. Bak ser me fv. Målfrid Trosnavåg, Turid Hansen og Leonora Alvestad.

UNDER:
Kjekt rundt bålpanna i soloppgangen.

